

# **ENDÅ FLEIRE TEATERINSTITUSJONAR?**

**EI EVALUERING AV NORD-TRØNDELAG TEATER, ØSTFOLD  
TEATER OG BUSKERUD TEATER**

**GEORG ARNESTAD**

**Delrapport i evalueringa av statsbudsjettets kap. 320, post 74**

**Mai 2005**

## **Førord**

Denne evalueringa omfattar tre regionale teaterinstitusjonar: Nord-Trøndelag Teater, Østfold Teater og Buskerud Teater.

Evalueringa byggjer i hovudsak på omfattande skriftleg materiale (eigenevaluering, årsmeldingar, rekneskap, budsjettsøknader, strategiplanar osv.) frå institusjonane. Særleg gjeld dette Nord-Trøndelag og Østfold Teater. For Buskerud Teater vart det gjort ei brukarevaluering i 2004.

Leiarane for Nord-Trøndelag Teater og Østfold Teater har også lese gjennom og kome med merknader til eit rapportutkast. Det same har Ellen Aslaksen, Per Mangset og Mie Berg Simonsen gjort. Eg seier takk til alle for kloke merknader.

Denne evalueringa kjem seint. Eg vonar ho likevel kan vere til nytte.

Sogndal 23.5.2005

Georg Arnestad

## **Innhold**

1 Scenekunstopolitikk: Institusjonsbygging og hierarki

2 Teaterverkstader, prosjektteater og regionteater

3 Opplegg av evalueringa

4 Nord-Trøndelag Teater

5 Østfold Teater

6 Buskerud Teater

7 Avslutning

Litteratur og kjelder

## 1 Scenekunstopolitikk: Institusjonsbygging og hierarki

*”Historien om norsk scenekunstopolitikk er i all hovedsak en historie om institusjonsbygging for å nå overordnede politiske mål om kulturspredning og lik tilgang til kulturgodene”.*

Det var det såkalla Scenekunstutvalget som formulerte seg slik i den offentlege utgreiinga ”Etter alle kunstens regler – en utredning om norsk scenekunst” (NOU 2002:8, s. 10).

I hovudsak er utvalet si konstatering heilt rett. Ikkje noko anna kulturområde er så sterkt institusjonalisert som nettopp scenekunstfeltet. Eit oversyn for året 1998 viser at Kulturdepartementet dette året løyvde i alt 705 millionar kroner til scenekunstformål. Av dette galdt heile 96 pst. løyvingar til institusjonar. Tilsvarande ”institusjonsandel” for musikkområdet og for visuell kunst var 76 pst. og 72 pst. (jf. Arnestad 1999). Lite tyder på at tala har endra seg vesentleg etter 1998.

Utgifter til scenekunst veg også tungt i det statlege kulturbudsjettet. I statsbudsjettet for 2005 vart det foreslått ei løyving på 888 mill. kroner til teater- og operaformål. Dette utgjorde 19 pst. av kulturbudsjettet, inklusive løyvingar til pressestøtte, film- og medieformål. Og heile 34 pst. av løyvingane til det ”tradisjonelle” kulturområdet, dvs. når vi held presse, film og media utanom.

Den tunge institusjonaliseringa og dei store faste kostnadene knytt til scenekunstdrift er også hovudgrunnen til at det sidan innstillinga frå ”Teaternevnden av 1935” har vorte lagt fram ei rekkje offentlege innstillingar om (ny)organisering av og (nye) finansieringsformer for norsk scenekunst. Med 10-15 års mellomrom synest det regelmessig å verte nemnt opp offentlege utval som skal vurdere slike sider ved scenekunsten.

Historisk sett er norske scenekunstinstitusjonar delte inn i eit hierarki. Dette gjeld kunstnarleg og kvalitetsmessig, men også kulturpolitisk, økonomisk og korleis dei er finansierte. Øvst tronar i dag dei såkalla nasjonale institusjonane, som, når det gjeld offentlege tilskot, er fullt ut finansierte av staten. Desse omfattar Nationaltheatret, Det Norske Teatret, Den Norske Opera og Den Nationale Scene. I tillegg er Riksteatret ein særskilt statsinstitusjon. Dernest kjem dei tidlegare ”landsdels-scenene” Rogaland Teater og Trøndelag Teater, som i dag er finansierte med 70 pst. statlege og 30 pst. regionale tilskot. Det same gjeld danseinstitusjonen Carte Blanche. Litt lenger nede i hierarkiet finn vi dei mange, i dag i alt ni, regionteatra, som også er finansierte etter ein 70-30 modell. Dei fem første (opphavlege) regionteatra vart etablerte i perioden 1971 til 1979, som ektefødde barn av den nye statlege kulturpolitikken på 1970-talet. Fire andre har seinare, på 1980- og 1990-talet, fått denne statusen, og dermed fast plass på statsbudsjettet.<sup>1</sup> Både landsdelsinstitusjonane og regionteatra høyrer i dag til

---

<sup>1</sup> Dei fem opphavlege regionteatra var Hålogaland Teater (1971), Teatret Vårt (1972), Telemark Teater (1975), Sogn og Fjordane Teater (1977) og Nordland Teater (1979). Dei fire nye regionteatra er Agder Teater, Haugesund Teater, Hedmark Teater og Hordaland Teater (jf. siste bud.prop. frå Kulturdepartementet). I Innstilling S nr. 155 (2003-2004) (om

mellom dei såkalla r/l-institusjonane, som alle er finansierte etter 70-30-modellen. I neste steg i hierarkiet finn vi rundt 15 scenekunstinstitusjonar og -tiltak som er finansierte over den såkalla 78-posten ("Ymse tiltak") på kapitlet for teater- og operaformål på Kulturdepartementets budsjett. I dag gjeld dette mellom anna Akershus teater, Brageteatret (i Drammen), Cirka Teater (Trondheim), BIT Teatergarasjen (Bergen), Det Norske Tegnspråketeater (Oslo) og dessutan organisasjonen Norsk Teaterråd, som fram til mai 2004 bar namnet Norsk Amatørteaterråd (jf. Aslaksen 2004).

Nedst i hierarkiet finn vi så rundt 20 ulike typar scenekunsttiltak. Desse er finansierte delvis av staten og delvis av regionale og lokale kulturstyresmakter. Dei får ikkje dei statlege tilskota sine direkte over statsbudsjettet frå Kulturdepartementet, men derimot over budsjettkapittel 320, post 74, forvalta av Norsk kulturråd.

Utanfor dette institusjonelle hierarkiet har vi i tillegg det såkalla "frie scenekunstheltet", som, på statleg nivå, vert finansiert over Norsk kulturfond (post 50), som ein del av dei "ordinære" oppgåvene til Norsk kulturråd.

Norsk scenekunst, både den profesjonelle og amatøraktivitetane, er såleis finansierte over eit mylder av statlege budsjettpostar. Å halde oversynet over kven som får tilskot kvar helst, kvifor dei ulike institusjonane og tiltaka har hamna nett på den budsjettposten dei er på, og kva for vurderingar som ligg til grunn for avgjerdene, er det ikkje spesielt enkelt å halde greie på. Men Scenekunstutvalgets (NOU 2002:8) forslag til "opprydning" førte ikkje fram.

Mellom dei 20 scenekunstinstitusjonane og -tiltaka som er finansierte over post 74, finn vi *tre regionale scenekunstinstitusjonar*, som alle i det vesentlege er regionalt finansierte, men som også i mange år har fått tilskot til drifta frå staten. Dei siste åra har denne statlege støtta vorte forvalta av Norsk kulturråd. Dei tre regionale teatra er: Nord-Trøndelag Teater, Østfold Teater og Buskerud Teater. Og det er desse tre denne korte rapporten handlar om. Rapporten er ein del av den samla evalueringa av dei rundt 60 ulike "tiltaka" som er finansierte over post 74.

Dei tre teatra må alle sjåast i samanheng med utviklinga av norsk scenekunstopolitikk både på statleg og regionalt nivå sidan 1970-talet. Statleg desentralisering gjennom utbygging av regionale kunst- og kulturinstitusjonar var ein viktig del av den nye kulturpolitikken på 1970-talet. Etableringa av dei fem (opphavlege) regionteatra kan forståast som ei form for realisering av nasjonal kulturpolitikk på regionalt nivå (jf. Arnestad mfl. 1995). Men etter at Nordland Teater kom i drift i 1979, vart det ikkje bygd ut fleire regionteater etter denne modellen. I dag vert likevel i alt *ni* regionteater finansierte med direkte øymerka tilskot frå Kulturdepartementet. For alle desse ni dekkjer staten 70 pst. av dei statlege løyvingane. Dei fem *nye* regionteatra har vakse fram gjennom ulike former

---

den siste kulturmeldinga) bad ein samla stortingskomité om at også "Nord-Trøndelag Teater bør få status som regionteater" (s. 61). Departementet har enno ikkje gjort noko med dette. I budsjettinnstillinga for 2005 bad eit fleirtal i stortingskomiteen om at Akershus Teater skulle verte finansierte over budsjettposten for "region- og landsdelsinstitusjonar", og ikkje, som no, over "ymseposten".

for regionale initiativ, med basis i lokale og regionale miljø, profesjonelle og/eller amatøraktivitetar, og utvikla seg med grunnlag i teaterverkstader og prosjektteater.

## 2 Teaterverkstader, prosjektteater og regionteater

Mens dei opphavlege regionteatra kom i stand etter ein statleg plan, var dei nye regionteatra og dei mange teaterverkstadene og prosjektteatra som utvikla seg utover på 1980-talet og seinare, klart regionalt forankra og eit resultat av ein sterkare regional, særleg fylkeskommunal, kulturpolitikk. Dei vart lanserte som nyskapande alternativ til den institusjonsbaserte regionteatermodellen, i håp mellom anna om å kunne appellere til dei sentrale kulturstyremaktene sine ønske om teaterpolitisk nytenking, noko som også gav seg utslag i utteljing i søknadene til Norsk kulturråd (jf. Arnestad mfl. 1995). På den andre sida prøvde dei nye verksemdene likevel å appellere til eksisterande nasjonale kultur målsetjingar. Og, ikkje minst, etter kvart uttrykte også ”samtlige initiativer ... ambisjoner om samme bevilgningmessige status som regionteatrene. Flere av dem overtok også regionteaterbetegnelsen” (Arnestad mfl. 1995, s. 29).

Fire av desse ”initiativa” har no altså oppnådd status som regionteater (jf. fotnote 1), i den forstand at dei får 70 pst. av sine årlege offentlege løyvingar direkte over statsbudsjettet. Men dei får alle noko mindre løyvingar enn det dei fem opphavlege regionteatra får. For 2005 varierte såleis dei statlege tilskota for dei fire ”nye” mellom 4,7 (Haugesund Teater) og 11,6 mill. kroner (Agder Teater). Tilskota for dei ”opphavlege” fem regionteatra varierte mellom 13,1 (Nordland Teater) og 18,6 mill. kroner (Hålogaland Teater). For *alle* regionteatra er det ein føresetnad for statstilskotet at regionen løyver *sin* del, dvs. 30 pst. av det samla offentlege tilskotet.

Tre av dei regionale teaterinitiativa frå 1980- og 1990-talet har dei siste åra fått fast statleg løyving over budsjettet til Norsk kulturråd, post 74. Desse tre er Nord-Trøndelag Teater, Østfold Teater og Buskerud Teater. Nord-Trøndelag Teater har alt gjennom kulturkomiteens innstilling om stortingsmeldinga ”Kulturpolitikk fram mot 2014” fått status som regionteater, utan at dette så langt har fått konsekvensar for løyvingsmessig status. Fylkestinget for Østfold har no vedteke å arbeide for at også Østfold Teater skal få status som regionteater. For Buskerud Teater ligg det ikkje føre slike planar.

Men spørsmålet om utviklinga av regionale scenekunstinstitusjonar har ikkje primært vore eit spørsmål om pengar. Det har like så mykje dreidd seg om kunst- og kulturpolitiske val, om regional forankring, om forholdet mellom amatør og profesjonell og, ikkje minst, om dei to modellane for regional teaterverksemd: Prosjektteater og teaterverkstad.

Dei tre teatra som er gjenstand for denne evalueringa, starta alle som såkalla *teaterverkstader*. Ideologisk er teaterverkstaden knytt til eit mål om å styrkje relasjonen mellom teatret og det regionale kulturlivet gjennom ulike former

for samarbeid mellom profesjonelle instruktører og lokale amatør- og revygrupper og gjennom nye kunstnarlege uttrykksformer (sjå Aslaksen 2004, s. 226). Ei form for samarbeid var å bistå lokalt teaterliv med teaterfagleg kompetanse, og ei anna var å utvikle profesjonelle forestillingar, gjerne med amatørar i nokre av hovudrollene. Amatøren var med andre ord ideologisk i forgrunnen i desse nye regionale institusjonane. I følgje Aslaksen var formålet med dette kunstnarleg grunnitt, men det låg også i dette ein ambisjon om å utfordre etablerte kvalitetshierarki og maktstrukturar i teaterfeltet. Initiativa til teaterverkstadene kom frå regionane sjølve, og få av aktørane hadde sin bakgrunn eller utdanning frå Statens teaterhøyskole eller frå dei etablerte teatra. Utvikling av nyskriven regionalt forankra dramatikkk vart også vektlagt. Barn og unge skulle vere den viktigaste målgruppa. På éin måte kan det, slik Aslaksen gjer, seiast at teaterverkstadene ”søkte å utfordre maktmonopolene i teaterfeltets sentrum”. På den andre sida var alternativa få. Utvikling av fylkeskommunal finansiert profesjonell teaterverksemd i område som Østfold, Hedmark, Nord-Trøndelag og Hallingdal måtte nødvendigvis byggje på eit rimeleg nært samarbeid med det etablerte amatørteaterfeltet.

*Prosjektteatret* har i likskap med teaterverkstaden sin bakgrunn i den kunstnarlege nyorienteringa på 1960- og 70-talet. Kunstverksemda skulle forankrast i det skapande kollektivet snarare enn i ein institusjon (jf. Arnestad mfl. 1995, s. 34 ff). I Noreg utvikla det seg på 1980-talet både alternative institusjonsmodellar ved eksisterande teater og nye produksjonsmodellar utanfor teaterinstitusjonane baserte på prosjektverksemd.<sup>2</sup> Mot slutten av 1980-talet vart så prosjektorganiseringa introdusert som ein del av institusjonsbygginga på det regionale scenekunstoffeltet. Prosjektorganisert teater vart sett på som eit alternativ til tradisjonell regionteaterbygging; kanskje òg som eit betre alternativ enn teaterverkstaden til dette formål. I 1986 vart Haugesund Teater lansert som første tiltak etter denne modellen. Same år vart Hordaland Teater i Bergen stifta, og med etableringa av Agder Teater i 1991 blei dei 20 år gamle ”bestrebelsane” på å samle dei to Agder-fylka om eit felles regionteater i Kristiansand, krona med hell.

Utviklinga av dei regionale prosjektteatra må også forståast i lys av både ideologi og pragmatikk. Modellen høvde best i større byar med etablerte teatertradisjonar, eit (høg)kulturelt borgarskap og eit rimeleg godt publikumsgrunnlag. Men også prosjektteatra vart arbeidde fram av fylkeskommunen – med god hjelp av kommunane (Haugesund og Kristiansund). Som teaterverkstadene samarbeidde også prosjektteatra mykje med amatørteatret, utan at dette var ei primærmålsetjing. Men truleg var dette nødvendig både av økonomiske og kunstnarlege årsaker. Tilgangen på profesjonelle skodespelarar i eige distrikt var liten. Ein kan òg notere seg at også for prosjektteatra var barn og unge ei prioritert målgruppe.

---

<sup>2</sup> Dette galdt mellom anna ved Trøndelag Teater, Den Nationale Scene og Teatret Vårt. Også Bergen Internasjonale Teaterfestival var/er ein regulær prosjektorganisasjon.

Så langt har dei tre prosjektteatra nemnde ovanfor no fått status som ”regionteater”.<sup>3</sup> Det same gjeld berre éin av dei opphavlege teaterverkstadene, nemleg Hedmark Teater.

Grensene mellom ”teaterverkstad” og ”prosjektteater” er ikkje klare. Begge har i Noreg vorte knytte til regionane si utvikling av alternative teaterverksemdar. For teaterverkstaden var utgangspunktet ei regional tilpassing av kulturpolitikken idear om desentralisering, eigenaktivitet og amatørkultur. For prosjektteatret var utgangspunktet ei nyskapande, fleksibel og rimeleg form for profesjonell scenekunst. I praktisk utvikling av teaterarbeidet viste det seg at skilnadene mellom dei to ikkje var særleg store. Ikkje minst etter at fleire av dei opphavlege teaterverkstadene kom til å leggje stadig meir vekt på kunstnarlege eigenproduksjonar organiserte som utprega prosjekt. Og etter kvart skifta teaterverkstadene namn til teater; eit namneskifte som det typisk nok tok tid før dei løyvande styresmaktene i Kulturdepartementet og Norsk kulturråd fekk dette med seg.<sup>4</sup>

Namneendringa er elles eit uttrykk for at teaterverkstadene, som ideologisk var nært knytt til nært samarbeid med amatørteatret, i aukande grad ønskte å verte integrerte i det profesjonelle teaterfeltet. Mykje tyder på, hevdar Ellen Aslaksen, at ”tankene om å erobre maktposisjonen i teaterfeltet gjennom samarbeid med amatører langt på vei er forlatt i disse miljøene (Aslaksen 2004, s. 227).<sup>5</sup> No er det status som (profesjonelt) regionteater som tel mest. Og vegen til slik status, og, kanskje mest, til dei pengane som følgjer med denne statusen, går så definitivt ikkje gjennom amatørteatret.

### 3 Opplegg av evalueringa

Denne evalueringa omfattar altså tre regionale teaterinstitusjonar. Nord-Trøndelag Teater er det eldste av dei tre teatra, og vart etablert alt i 1983. Østfold Teater kom i drift i 1991, og Buskerud Teater i 1995. For 2005 har dei tre teatra fått følgjande løyving over post 74 i Norsk kulturråd:

- Nord-Trøndelag Teater 2.558.000
- Østfold Teater 763.000
- Buskerud Teater 685.000

---

<sup>3</sup> Omgrepet ”regionteaterstatus” dreier seg eigentleg om pengar. I praksis vil det seie at institusjonar vert finansierte over *kap. 324, post 71 Region- og landsdelsinstitusjonar* i budsjettet for Kultur- og kyrkjedepartementet. For institusjonane her dekkjer staten 70 pst. av dei samla offentlege løyvingane.

<sup>4</sup> Eitt eksempel: I oversikta over løyvingar over post 74 i Norsk kulturråd for 2003 brukar ein framleis nemninga ”Østfold Teaterverksted” sjølv om verkstaden alt i 2001 skifta namn til ”Østfold Teater”.

<sup>5</sup> I 2004 skifta også Norsk Amatørteaterråd namn til Norsk Teaterråd. Dette namneskiftet er utgangspunktet for Aslaksen sin reflekterte artikkel om ”Kunstlivets grenseland – om amatører og profesjonelle” (Aslaksen 2004).



Formålet med evalueringa er å gi statlege kulturstyresmakter råd om eventuell vidare statleg finansiering av tiltaka, i kva grad dette bør skje via post 74 over budsjettet til Norsk kulturråd, over andre budsjettpostar direkte under Kulturdepartementet eller om tiltaket i sterkare grad kanskje bør finansierast regionalt og lokalt.

To av dei tre institusjonane har utarbeidd omfattande eigenevalueringar og sendt meg ein god del supplerande materiale, som årsmeldingar, -rekneskap, budsjettsøknader, strategiplanar o.l. Den siste institusjonen, Buskerud Teater, har levert ei langt knappare eigenevaluering og sendt meg mindre tilleggs materiale. Dette har delvis samanheng med at verksemda ved Buskerud Teater nettopp *har* vorte evaluert,<sup>6</sup> noko som har gjort min jobb betydeleg enklare. Mi evaluering av Buskerud Teater vert derfor forholdsvis knapp.

Evalueringa gir eit oversyn over utviklinga av dei tre institusjonane frå starten fram til i dag, med hovudvekt på moglege endringar i verksemda. Det vert lagt vekt på å få fram kva produksjonen består og har bestått av, korleis verksemda er og har vore organisert og finansiert, korleis ein har samarbeidd med aktuelle instansar, og korleis verksemda og målsetjingar for denne har endra seg. Oppsummeringvis vert det drøfta i kva grad institusjonane synest å ha lykkast med verksemda si ut frå tilgjengelege ressursar. For Nord-Trøndelag og Østfold Teater vert det dessutan gitt ei vurdering av spørsmålet om ”regionteaterstatus”. For Buskerud Teater er dette ikkje ei aktuell sak.

Det må elles presiserast at dette *ikkje* er ei teater- eller scenekunsthøgskuleleg evaluering. Men underteikna var i byrjinga av 1990-talet leiar for eit forskingsprosjekt om ”Nasjonal kulturpolitikk og regional relevans”. Dette prosjektet dreidde seg hovudsakleg om ulike sider ved framvekst og utvikling av regionale teaterverksemdar i perioden 1970-1995.<sup>7</sup> Denne evalueringa er for meg eit interessant møte med regionalteaterpolitikk og regionale teaterverksemdar 10 år etterpå. Vi peikte i 1995-rapporten vår på manglande avklaring når det galdt amatørteaterarbeidets status og normene for kvalitet og profesjonalitet i den statlege scenekunstopolitikken. Siste tiåret har ikkje medført noka slik avklaring.

For det dreier seg framleis i stor grad om sterkare institusjonalisering og om å få såkalla ”regionteaterstatus”. Eller, rettare sagt, slik vi uttrykte det i 1995-rapporten: ”Få same bevilgningsmessige status som regionteatrene”.

Vi skal i det vidare sjå nærmare på dei tre institusjonane.

---

<sup>6</sup> Heidi Stavrum: ”Amatørens støttespiller”. En brukerundersøkelse av Buskerud Teater. Arbeidsrapport nr. 38/2004, Telemarksforskning-Bø.

<sup>7</sup> Jf. Arnestad, G., Gladsø, S. og Langdalen J. (1995): *Thalias utpost eller lokalsamfunnets spel? Norsk regionalteaterpolitikk 1970-93*. Rapport nr 1/95, Vestlandsforskning.

## 4 Nord-Trøndelag Teater

*Nord-Trøndelag Teater er "et profesjonelt teater for Nord-Trøndelag, med et bredt og kontinuerlig repertoar som holder høyt kunstnerisk nivå. Formidling av profesjonell scenekunst til barn og unge er et prioritert område. Nord-Trøndelag Teater er i tillegg et kompetansesenter for amatørteatret i fylket. Gjennom samarbeid, bistand og service skal teatret være med på å utvikle amatørteatret og gi amatørbevegelsen gode arbeidsvilkår i Nord-Trøndelag".*

Slik heiter det i eigenpresentasjonen av teatret på heimesida på internett ([www.nordtrondelagteater.no](http://www.nordtrondelagteater.no)). I eit nøtteskal vert her dei mange og delvis noko motstridande arbeidsoppgåvene skisserte. Teatret skal vere profesjonelt på høgt kunstnarleg nivå. Det skal rette seg primært mot barn og unge. Og det skal på ulike måtar medverke til å utvikle amatørteatret i fylket. I kva grad har ein makta dette, og kva for endringar og vektlegging av målsetjingar har skjedd i perioden? Og kva kostar det heile? Vi skal prøve å reflektere over dette.

### 4.1 Etablering og første driftsår

Teatret vart etablert som Nord-Trøndelag Teaterverksted i 1983, lokalisert til Verdal. Initiativet kom frå fylkeskommunen. Det var vanleg på denne tida. Teaterverkstaden var opphavleg forsøkt realisert gjennom eit samarbeid mellom fylkeskommunen og Trøndelag Teater, men dette samarbeidet avgrensa seg mest til prinsippklæringar og gav små resultat i praktisk samarbeid (sjå Arnestad mfl. 1995, s. 32).

Dei første åra vart drifta av teaterverkstaden støtta av Norsk kulturråd som ei prøveordning. Arbeidet var i starten hovudsakleg retta mot amatørteatret i fylket; med rådgiving, instruktørhjelp og utleige av utstyr. Dette var ei medviten satsing frå fylkeskommunen i oppbygging av teaterverkstaden. Dei første åra, fram til 1988, var dette rådgivings- og instruksjonsarbeidet overfor amatørteatret også kostnadsfritt. Dvs. dei betalte ingenting for bistanden frå Nord-Trøndelag Teater. Men teatret tok likevel tidleg til med eigenproduksjonar, som reiste på turne i fylket. Dette vart positivt motteke. "Viktige former for egenproduksjoner, som Nord-Trøndelag Teaterverksted bør satse på vidare fremover", heiter det i årsmeldinga for 1988 for fylkeskommunens kulturavdeling. Slik skulle det òg kome til å gå. Men hovudaktiviteten var knytt til det som i årsmeldingane er kalla "fullt bistandsarbeid" til amatørteaterlag (regioppgåver, sminke, kostyme m.m.), kursverksemd, samarbeidsprosjekt, seminar o.l. Teaterverkstaden var frå starten av organisert som ein del av den ordinære fylkeskommunale verksemda.

Teaterverkstaden kom alt i 1986 inn som fast post (kap. 324, post 78 Ymse tiltak) på statsbudsjettet. Det same galdt etter kvart også andre teaterverkstader. Initiativet til den faste statstøtta kom, den gong som i dag, frå stortingskomiteen. Statstilskotet i slutten av 1980-åra var ca. 1,2 mill.

kroner per år. Frå 1996 vart forvaltninga av statsstøtta ført over til Riksteatret, og deretter (2000) til Norsk kulturråd.

Teatret hadde frå starten av to tilsette teaterarbeidarar. Dette auka gradvis. Ved flytting til og samlokalisering med Stiklestad Nasjonale Kultursenter (SNK) i 1992 var staben auka til sju. Det vart også tilsett eigen teaterleiar. Men ambisjonane som går fram av ulike meldingar frå teaterverkstaden og fylkeskommunen rundt 1990, var langt høgare enn dette.

Åra etter flyttinga til og samlokalisering med Stiklestad Nasjonale Kultursenter i 1992 medførte ein del uro når det galdt organisering og styring av teatret, og det gjekk med mykje krefter i dette arbeidet. Fylkeskommunen vedtok i mai 1996 "Ny teaterplan for Nord-Trøndelag" med "målsettinger som ikke har samsvart med virkeligheten", som det vert uttrykt i eigenevalueringa. Samtidig skifta teaterverkstaden namn til Nord-Trøndelag Teater. Same året vart ansvaret for forvaltning av statstilskotet ført over frå departementet til Riksteatret, og deretter til Norsk kulturråd.

Det vart også lagt fram planar om å leggje teatret inn under Stiklestad Nasjonale Kultursenter, noko som medførte sterke reaksjonar frå dei tilsette ved teatret. Eit par år framover hadde SNK og teatret felles styre. Dette skapte uro i teatret. I 1999 fekk så teatret sitt eige styre, med fem styremedlemmer oppnemnde av eigar (fylkeskommunen) og éin representant for dei tilsette.

#### **4.2 Nord-Trøndelagsmodellen?**

Alt frå midten av 1990-åra vert det arbeidd konkret og medvite mot at teatret skulle få status som regionteater. I 2001 vart teatret så teke opp som medlem av Norsk Teater- og Orkesterforening, som er arbeidsgjevar - og interesseorganisasjonen for profesjonell musikk og scenekunst i Noreg. Dette var eit ledd i strategien mot å få status som regionteater. I årsmeldinga for 2000 er dette klart uttrykt: "Fortsettelsen av vårt medlemskap i Norsk Teater- og Orkesterforening er avgjørende for den status teatret må ha i nasjonal sammenheng for å kunne profilere og utvikle seg videre".

Omorganiseringa frå 1999 synest å ha skapt ein ny vitalitet i teatret. Talet på årlege teaterproduksjonar siste åra har halde seg rundt 6-8 (1-3 eigen- og 5-6 samproduksjonar) med 80-100 forestillingar og eit publikumstal som varierer frå 5.000 til 14.000. 10-15 av dei 24 kommunane i Nord-Trøndelag får besøk av teatret. Samproduksjonane skjer i lag med andre aktørar på kulturfeltet i fylket; Musikk i Nord-Trøndelag, FIA-teatret, Trøndelag Teater (Trondheim), Hordaland Teater, Stiklestad Nasjonale Kultursenter, andre kulturorganisasjonar. Ein tidlegare samarbeidsavtale med Riksteatret "er langsamt forsvunnet". Ein viktig grunn til det store talet på samproduksjonar, er dei små produksjonsmidlane Nord-Trøndelag Teater sjølv har hatt (og har) til rådvelde.

Til grunn for repertoaret ved teatret ligg det "å virkeliggjøre Nord-Trøndelagsmodellen for teaterdrift". Dette betyr "et repertoar med regional forankring, ny norsk dramatik og forestillinger for barn og unge" (Årsmelding 2003). Vurdert ut frå repertoaret dei siste åra, synest teatret å

ha realisert dette. I kva grad dette er vellykka når det gjeld kunstnarlege kvalitet, publikumsoppslutning osv. er det ikkje mogleg for underteikna å vurdere. Det er likevel rett å seie at publikumstalet varierer ein del frå år til år. Men særleg uvanleg er ikkje det for norske teater.

Teatret held fram samarbeidet med og ”bistanden” til amatørteatret i fylket. Omfanget av dette er likevel betydeleg mindre enn i startfasen. Dei siste åra har det vorte gjennomført 8-13 såkalla ”bistandsoppgåver”. Det vert òg skipa til 1-2 kurs av ulike slag per år for amatørteatra, og utstrekkt utleige av manus (i samarbeid med Norsk Amatørteaterråd (no: Norsk teaterråd), gjennom den nettbaserte tenesta Dramas), utleige av teknisk utstyr og diverse konsulenthjelp elles. Kursverksemda har gått ”drastisk ned de siste årene, hovedsakelig fordi det har vært mindre etterspørsel” (jf. eigenevalueringa).

Teatret sjølv trekkjer fram eigenproduksjonane som det viktigaste når ein har lykkast med å etablere ”profesjonelt teater i Nord-Trøndelag som en integrert del av fylkets kultur”. I løpet av dei 10 siste åra er 85 pst. av desse produksjonane nyskriven regionalt forankra ny dramatik. Nokre ”banebrytende produksjoner” gjennom dei siste 10-15 åra vert nemnde. Det gjeld frå dei alle siste åra mellom anna eigenproduksjonane ”Hansine Solstad” (1999), ”Eg vil leva, eg vil elska” (2001) og ”I skyggen av Nora” (2003). Også nokre store samarbeidsprosjekt med amatørteatret vert trekte fram, mellom anna ”Havet står aldri stille” (2004). Også fleire av eigenproduksjonane som vert trekte fram som ”banebrytande”, var samarbeidsprosjekt med andre kulturaktørar i fylket, særleg galdt det tidleg og midt på 1990-talet.

I si eigenvurdering trekkjer teatret fram at ”våre hvite felter er at vi ikke klarer å turnere i alle 24 kommuner”. Det skuldast både lite eigna lokale, og at teatret sjølv ikkje har økonomi til større turnear. Det vert også peikt på at det er vanskeleg å halde på ”ekspertise over fleire år i og med at vi bare har to produksjoner i året”. Men turneverksemda har vorte utvida. I 2004 turnerte teatret i 20 av dei 24 kommunane. I inneverande år vil ein nå alle kommunane i fylket.

Teatrets sterke side er at ein har klart å prioritere utvikling av ny regional dramatik, utvikle gode prosjekt, og at ein har lykkast med å realisere store og spennande produksjonar i samspelet mellom amatør og profesjonell.

### **4.3 Regionteater?**

I årsmeldinga for teatret for 2000 (skrivne i 2001) heiter det ”de to neste årene vil bli skjebneår for Nord-Trøndelag Teater. Vi vil få en avklaring på statens engasjement i forhold til teatret gjennom scenekunstutvalgets innstilling”.

Ei slik avklaring kom ikkje. Nord-Trøndelag Teater er ikkje nemnt med eit ord i innstillinga frå Scenekunstutvalget. Det er heller ikkje den modellen som teatret har utvikla og arbeidd etter. Men utvalets forslag om overgang

til programfinansiering<sup>8</sup> ville innebære at også Nord-Trøndelag Teater (saman med andre teatertiltak på post 74) hadde hamna i potten for programfinansiering. Både teatret og fylkeskommunen protesterte kraftig på innstillinga i si fråsegn.

Som vi veit, vart ikkje programfinansieringa noko av. Men det hjelpte Nord-Trøndelag Teater lite. Teatret er nemnt éin gong i den etterfølgjande kulturmeldinga, som døme på eitt av fleire teater som har ”hovuddelen av verksemda retta mot born og unge” (s. 137). Spørsmålet om ”regionteaterstatus” er ikkje nemnt i meldinga. Men ein samla stortingskomité meinte i si innstilling om kulturmeldinga at teatret ”bør få status som regionteater, slik at den økonomiske fordeling blir 70 pst. for staten og 30 pst. for eigaren” (s. 61). Det vert vist til at profilen ved teatret tilseier slik finansiering, dvs. ny norsk dramatik, samproduksjon profesjonelle/amatørar, kompetansesenter for amatørverksemd, satsing på barn og unge og stor turneverksemd.

Stortingskomiteen tek her på seg å definere kva skal kriterium som oppfyllest for at eit teater skal få ”regionteaterstatus”. Departementet har ikkje vilja gi seg i kast med dette. I den siste kulturmeldinga vert det derimot teke til orde for å sikre større dynamikk i fordelinga av løyvingane. Det heiter òg at det ikkje er aktuelt ”å endra prinsippa for noverande finansieringsordninga, heller ikkje å etablera nye institusjonar eller innlemma fleire institusjonar i ordninga med avtalefesta samfinansiering” (s. 139). Spørsmålet om mogleg ”regionteaterstatus” er ikkje berørt i meldinga.

Når det gjeld finansiering, er Nord-Trøndelag Teater dei siste åra karakterisert av ei fordeling der statens bidrag er langt mindre enn det fylkeskommunale. Biletet er bortimot omvendt av det som gjeld for regionteatra. Regionen, dvs. fylkeskommunen, står for 2/3 av finansieringa av teatret og staten for 1/3. Situasjonen dei siste år går fram av tabellen nedanfor.

*Tabell 1 Tilskot frå Kulturrådet og fylkeskommunen til Nord-Trøndelag Teater 2001-2005 (1000 kroner)*

	2001	2002	2003	2004	2005
Kulturrådet	1.995	2.045	2.106	2.158	2.558
Fylkeskommunen	3.954	4.110	4.313	4.179	4.934
Sum	5.949	6.155	6.419	6.337	7.492

<sup>8</sup> Scenekunstutvalget (NOU 2002:8) foreslo at tre nasjonale scenekunstinstitusjonar og fire landsdelsinstitusjonar skulle rammefinansierast av staten med 100 og 70 pst, medan nesten all anna statleg scenekunstfinansiering (ni regionteater, post 78 Ymse tiltak, post 74 (Norsk kulturråd) og Tilskotsordninga for fri scenekunst skulle samlast i éi ordning for såkalla ”programfinansiering”.

K-råd i prosent	<b>34 pst.</b>	<b>33 pst.</b>	<b>33 pst.</b>	<b>34 pst.</b>	<b>34 pst.</b>
-----------------	----------------	----------------	----------------	----------------	----------------

Det vart frå teatrets side knytt store voner til merknaden frå stortingskomiteen. ”Teatralisk pengejubel”, skreiv Trønder-Avisa (jf. nettutgåva 31.3.2004). ”Det var nærmest som et ran å betrakte at Nord-Trøndelag ikke fikk denne statusen i forrige runde med ”tildelinger”..... vi har jobbet for dette i mange år....det er Nord-Trøndelagsmodellen for drift som ligger til grunn for regionteatrene”. Slik formulerte produksjonsleiar Gudmund Staberg seg til avisa, og føydde til: ”Frå nå av er staten forpliktet til å bidra med 70 pst. av driftsmidlene”.

Slik gjekk det ikkje. I budsjettproposisjonen for 2005 frå Kulturdepartementet er teatret ikkje ein gong nemnt. Men tilskotet over post 74 i Norsk kulturråd vart, på grunnlag av merknader frå stortingskomiteen, auka med kr 400.000 for 2005. Teatret ser på dette som ein start på ei tilpassing til regionteaterstatus. Fleirtalet i komiteen bad også om at departementet førebur dette ”gjennom dialog med regionen med sikte på endret status så snart som mulig”.

”2006 blir antakeligvis et overgangsår for Nord-Trøndelag Teater i forhold til oppjusteringen til regionteater”, skriv teatret i sin budsjettsøknad for 2006 (datert 9.3.2005). Til liks med dei føregåande åra søker teatret om ein auke i statstilskotet på 1 mill. kroner i forhold til søknadsåret. Dei mogleg ekstra midlane skal øyremerkjast til turneutgifter og eigenproduksjon.

Teatret la elles fram ein strategiplan for to år sidan. Denne er stort sett beskrivande og lite nytenkjande, og eit lite eigna instrument til å arbeide strategisk og målmedvite etter. Tilsetjing av ny teatersjef synest derimot å ha vitalisert arbeidet ein del. No er det utarbeidd ein ny og klar grafisk profil for teatret, og ein ny (reell) strategiplan skal utarbeidast løpet av 2005. I årsmeldinga for 2004 er det òg streka under at det er viktig at teatret ”rendyrker sin modell, blir klarere i forhold til hva som er teatrets rolle/opp-gave og søke å få styrket den økonomiske siden med større statsstøtte...” ”Teatret bør i 2005 markedsføre sin modell fremfor å prøve å bli mest lik andre regionteatre. Det å dyrke sin særegenhet og vise utviklingsmulighetene, i et landskap der Trøndelag Teater og Riksteatret også er aktører, vil vise at Nord-Trøndelag ønsker å satse på scenekunstformidling og aktivitet til barn og unge der de bor”.

For tida føregår det også ein diskusjon om flytting av teatret (jf. TrønderAvisa 4-5 mars 2005). To alternativ synest å vere aktuelle: Flytting frå SNK til Tindved kulturhage i Verdal eller til Steinkjer og Dampsaga kulturhus. Debatten har nettopp starta. Det vert sagt frå teatrets side at no druknar det i den andre aktiviteten i Stiklestad Nasjonale Kultursenter. Men det er eit klart krav frå teatret at ein må få eit eige teaterhus som heiter ”Nord-Trøndelag Teater”. Diskusjonen vert også knytt til spørsmålet om regionteaterstatus, til høgskulens nye teaterutdanning, samlokalisering med andre kreative miljø osv. Utfallet er ikkje avklart. Tilsvarande diskusjon i Østfold tok mange år. Det er politikarane som til slutt vil avgjere dette. Men fylkesråd Trude Nøst ber teatret sjølv utgreie problematikken og leggje fram

sine strategitankar før det vert teke ei avgjerd. For teatret synest det å vere avgjerande om ein endeleg kan få sitt eige hus. Det er eit viktig ledd på vegen mot å verte fullverdig regionteater.

#### **4.4 Kortfatta oppsummering og vurdering**

Nord-Trøndelag Teaterverkstad starta verksemda si i 1983 med to fast tilsette teaterarbeidarar. I dag er talet på tilsette 8-9 personar, av desse er tre teaterarbeidarar (skodespelarar/ instruktør). I tillegg har teatret sivilarbeidar og eit par-tre tilsette på ulike tiltaksordningar. Det har vore bra stabilitet i personalet.

Ideologisk har verksemda lenge vore knytt til det ein kallar sitt eige særpreg eller ein Nord-Trøndelagsmodell for regional teaterdrift: Ny norsk dramatikkk med regional forankring, turnéverksemd i heile fylket, barne- og ungdomsforestillingar, og bistand og samarbeid med amatørkreftene i regionen. I løpet av siste tiåret har det skjedd ei klar endring og vektlegging av verksemda med stadig sterkare vekt på og understreking av eigenproduksjonar, samproduksjonar og turné med desse. Samarbeidet med og bistanden til amatørverksemda kjem no klart i andre rekkje.

Dette avspeglar både teatrets eigne kunstnarlege ambisjonar og strukturelle endringar i amatørteatret i fylket. Dei store teaterlaga si dominerande tid er forbi. No er det meir enkeltpersonar som har sine prosjekt. Amatørane har vorte meir profesjonelle så å seie.

Det er for underteikna vanskeleg å få tak på kva som er det mogleg særmerkte ved den såkalla "Nord-Trøndelagsmodellen". Oppgåvene som ein løyser innafor denne modellen, skil seg ikkje merkbar ut frå tilsvarande oppgåver ved til dømes Østfold Teater (sjå nedanfor) eller for Hedmark Teater (jf. Eide, Aslaksen og Vaagland 2000). Men teatret synest å ha lykkast godt med utvikling av ny dramatikkk med regional forankring. Ei anna sak er i kva grad publikum set pris på dette. Og om det i denne forstand er verd prisen (eller kostnadene). Det har vorte uttrykt ein del bekymringar kring det varierende publikumstalet.

Elles er det verd å merkje seg at fylkeskommunen har hatt ein aktiv politikk i forhold til teatret. Løyvingane til teatret har særleg auka frå slutten av 1990-åra. Det er også godt politisk arbeid frå fylkespolitikarar som har ført til at teatret no er i ferd med å nærme seg status som "regionteater". Overgangen til eige fylkeskommunalt drive teater har vore vellykka. Teatret synest elles å ha god økonomikontroll, og ikkje å ha gått på særlege "smellar". Fylkeskommunen har også siste åra løyvd betydelege midlar til nytt sceneutstyr.

Det er påfallande at teatret berre i heilt ubetydeleg grad har fått (eller søkt) løyvingar frå Kulturrådet, Fond for lyd og bilde og andre nasjonale organ til arbeidet med utvikling av dramatikkk, nyskapande produksjonar, manus o.l. Dette er ein indikasjon på at ein ikkje når opp i den harde nasjonale konkurransen om slike midlar. Sjølv seier teatret at dei har fått melding frå Kulturrådet om at dei ikkje vil få særskilt refusjon av utgiftene til utvikling av ny norsk dramatikkk. Arbeidet med dette skal skje innanfor den faste løyvinga frå Kulturrådet.

I dag er realisering av regionteaterstatus ”jobb nr. 1” for teatret. Det er fullt forståeleg. Dette er hovudsakleg knytt til arbeidet med fleire eigenproduksjonar (frå 1-2 til 4) og meir turneverksemd. Nord-Trøndelag Teater skal verte finansiert som andre regionale teater, som i dag er innanfor statsbudsjettets faste rammer. Behovet for dette er klart – sett frå teatrets og frå regionens side. Men er det slik ein på nasjonalt nivå ønskjer at teater-Noreg skal utvikle seg? Behovet for avklaring på nasjonalt nivå er stort. Vi kjem tilbake til dette i avslutningskapitlet.

## 5 Østfold Teater

*”Østfold Teater er et kraftsenter for teateraktiviteten i Østfold og utvikler et informasjonsnett der profesjonelle kan tilby sine tjenester og relevant fagstoff kan offentliggjøres... Østfold Teater skal gi bistand til fylkets teaterliv i form av instruksjon, scenografi, teknikk, kurs i alle teaterfag, råd til manus- og musikkvalg og søknadsskriving. Vi skal hjelpe til med å etablere ny teatervirksomhet og videreutvikle teatertradisjonene i Østfold, og ta initiativet til ny østfolddramatikk med utgangspunkt i fylkets og lokalsamfunnets egenart.... Siden 1999 skal Østfold Teater drive prosjektteater med produksjon av 1-2 teaterforestillinger pr. år beregnet for turnevirksomhet, fortrinnsvis i skolene”.*

Slik presenterer Østfold Teater seg på sine heimesider. Ikkje så heilt ulikt måten Nord-Trøndelag Teater presenterer seg. To hovudarbeidsområde: Bistand til amatørteatret og produksjon av egne forestillingar med barn og unge (skulane) som målgruppe. Lokalt forankra dramatikk skal utviklast.

### 5.1 Etablering og første driftsår

Østfold Teater vart skipa som Østfold Teaterverksted i 1991. Til grunn for etableringa låg det ei utgreiing av Kristin Lyhmann om ”Teaterverksted i Østfold” utført på oppdrag av Østfold fylkeskommune<sup>9</sup> (Lyhmann 1989 og 1990). Desse utgreiingane tok utgangspunkt i at teaterverkstaden skal inngå i eit forpliktande forhold til eksisterande teaterverksemd i fylket (jf. Arnestad mfl. 1995), at det skal leggjast vekt på å dekkje teateramatørane sitt behov for fagleg rettleiing, teknisk bistand og opplæring. Teaterverkstaden skal først og fremst leggje til rette for kulturell eigenaktivitet.

Det vart foreslått at den nye teaterverkstaden mellom anna skulle:

- Gi ”bistand” til fylkets teaterliv med instruksjon, scenografi, teknikk, kurs osv.
- Hjelpe til med å etablere ny teaterverksemd
- Vidareutvikle teatertradisjonane i Østfold og ta initiativ til ny østfolddramatikk

---

<sup>9</sup> Denne utgreiinga hadde som fleire andre utgreiingar om regional teaterverksemd på slutten av 1980-talet, sitt utspring i Jon Nygaards forskingsprosjekt Ny teaterpolitikk (jf. Arnestad mfl. 1995).



- Vere eit kraftsenter for teateraktiviteten i Østfold og utvikle eit informasjonsnett der profesjonelle tilbyr tenestene sine
- Utgi ein presentasjonspublikasjon og opprette ein manusbank

I utgreiinga vart det ikkje gjort noko skilje mellom amatørteater og teater på profesjonelt nivå. Teaterverkstaden skulle vere både for amatørteaterutøvarar og profesjonelle.

Kunstnarlege eigenproduksjonar gjekk ikkje inn i forslaget. Men etter kvart vart aktiviteten ved Østfold Teaterverkstad også utvida til å omfatte *prosjektteater*, dvs. eigenproduksjonar med korttidsengasjerte skodespelarar.

Østfold fylkesting vedtok i 1997 at "Østfold Teaterverksted skal drive prosjektteater med produksjon av 1-2 teaterforestillinger pr. år beregnet for turnevirksomhet, fortrinnsvis i skolene". I eigenevalueringa skriv teatret at etter fleire år som ressurs- og kompetansesenter utan egne produksjonsmidlar var no behovet etter kvart "stort for å kunne vise hva profesjonalitet innebærer". Fylkeskommunen auka samtidig driftstilskotet sitt med kr 350.000, slik at teaterverkstaden skulle kunne produsere éi profesjonell forestilling per år. Nokre år seinare, ved 10-årsjubileet i 2001, skifta så institusjonen namn til Østfold Teater.

## 5.2 Finansiering og organisering

Finansieringsmodellen for Østfold teaterverkstad var noko ulik den i Nord-Trøndelag. Sidan starten har det vore eit spleiselag mellom fylkeskommunen, staten og kommunane i Østfold. 15 av dei 18 kommunane i fylket har medverka. Desse kommunane får tenester til "ressurs- og kompetanseverksemd" til reduserte prisar og får kjøpe forestillingane til "en svært rimeleg pris". Staten har medverka til finansiering heilt frå opprettinga i 1991. På same måte som for Nord-Trøndelag Teater vart tilskotet først forvalta av departementet (post 78 Ymse tiltak), så av Riksteatret (1996), og, frå 2000, av Norsk kulturråd.

Tabell 2 Offentlege tilskot til Østfold Teater 2001-2005 (1000 kroner)

	2001	2002	2003	2004	2005
Kommunane	307	313	327	404	400
Fylkeskommunen	675	897*	1.120	1.237	1.400
Norsk kulturråd	696	713	734	753	763
Tilskot i alt	1.678	1.923	2.181	2.394	2.563
K-råd i pst.	<b>41 pst.</b>	<b>37 pst.</b>	<b>34 pst.</b>	<b>31 pst.</b>	<b>30 pst.</b>

\* Ordinært driftstilskot 696.000 + diverse tilskot 201.000

Det statlege tilskotet til Østfold Teater er lite, og har ikkje hatt nokon særleg realvekst på mange år. Andelen har vorte redusert med 10 prosentpoeng siste 3-4 åra. Det er særleg fylkeskommunen som har auka sine løyingar. Totalbudsjettet for Østfold Teater er betydeleg lågare enn budsjettet for Nord-Trøndelag Teater. Det gjeld både statlege og fylkeskommunale løyingar, jf. tabell 1. Østfold Teater har elles dei siste åra hatt eigeninntekter (sal og utleige av tenester) på rundt kr 525.000.

Organisasjonsmodellen har avspegla finansieringa. Østfold Teater var alt frå starten det som vert kalla "en juridisk hybrid med uklare kommandolinjer", omtalt som "en fylkeskommunal/ interkommunal virksomhet". Bidragsytarane, dvs. fylkeskommunen og alle tilskotskommunane, valde kvar sin representant til ei generalforsamling, som så oppnemnde styret for teatret.

Etter lengre tids diskusjon vart denne modellen endra i 2004. Då vedtok både generalforsamlinga og Østfold fylkeskommune at teatret skulle verte ei rein fylkeskommunal verksemd, som rapporterer direkte til fylkesrådmannen. Denne innebar ei avvikling av generalforsamlinga, som vart erstatta av eit fagleg råd med éin representant for kvar av bidragsytarane. Rådet skal møtast éin gong om året, og tilrå handlingsplan for verksemda.

Ei anna viktig endring skjedde også i 2004. Også dette som resultatet av ein lengre prosess. Østfold Teater har sidan starten i 1991 halde til i Halden, i lokale som i eignevalueringa vert omtalte som "svært sjarmerende, men også svært begrensede". Arbeidsmiljøforholda var utilfredsstillande, teatret hadde heller ikkje tilgang til eigen prøvesal, og ein sakna tilknytning til andre skapande miljø. Flytting av teatret har såleis stått på dagsordenen lenge. I 2002/03 vart det gjort ei omfattande utgreiing av fagleg miljø, lokale og økonomi i tre interesserte kommunar: Halden, Sarpsborg og Fredrikstad. Styret og generalforsamling vedtok tidleg i 2004 at det mest formålstenlege ville vere å flytte verksemda til Fredrikstad. Det vart lagt vekt på tilknytning til eit rikt, profesjonelt fagmiljø; både kunstnarleg og teknisk, romslege lokale (mellom anna eigen prøvesal) og samlokalisering med fleire liknande bedrifter i Gamlebyen. Vedtaket i generalforsamlinga i mars 2004 vart gjort med 12 mot 2 stemmer. Fylkeskommunen slutta seg til dette vedtaket, og teatret flytta i løpet av hausten 2004 frå Halden til Fredrikstad.

Som det ofte er med denne type prosessar, tok den tid og var prega av mistenkeleggjering og motivgranskningar. "Farse er vel en den betegnelsen som passer best på den prosessen som har foregått fra teatrets styre bestemte å utrede flytting fra Halden, til vedtaket ble gjort", skreiv Fredrikstad Blad (30.4.2004). Vi treng her ikkje gå meir inn på dette. Nord-Trøndelag Teater er for tida inne i ein tilsvarande flyttingprosess.

### **5.3 Regionteater?**

Men ny organisasjonsform og flytting til meir formålstenlege lokale synest å vere eit riktig, kanskje nødvendig, strategisk grep for Østfold Teater. Det er

å sjå på som eit ledd i vidare profesjonalisering av teatret. Og, ikkje heilt uventa, spørsmålet om status som regionteater dukka no også for alvor opp.

Det var stortingskomiteens merknad våren 2004 om regionteaterstatus for Nord-Trøndelag Teater (jf. kapittel 4) som fekk dette arbeidet i gang også i Østfold. Saka kom på dagsorden faktisk dagen etter at innstillinga frå stortingskomiteen låg føre. Initiativet kom frå det som vert kalla ”en ny frisk fylkestingspolitiker”. Leiinga ved teatret hadde derimot for sin del trudd at ”regionteater tanken var lagt død av staten” (e-post frå teaterleiar Ida Frederiksen, 20.5.05). Hausten 2004 vart så dei nødvendige politiske vedtaka gjorde. Og i utkastet til den nye fylkesdelplanen for kultur er regionteaterstatus for Østfold Teater eit tydeleg uttalt mål.

I samband med flyttinga løyvde Fredrikstad kommune kr 150.000 ekstra til dei nye lokala. Både rådmannen og kultursjefen i kommunen var tidleg ute med ei kopling av spørsmålet om lokalisering til Fredrikstad og arbeidet for status som regionteater. 12. mai i år var det så eit første møte med Kulturdepartementet om saka. Men mest truleg lyt Østfold Teater, som dei andre teatra i same situasjon, setje si lit til Stortinget og stortingskomiteen i denne saka. Og som i Nord-Trøndelag, er det fylkespolitikarane som i grad sterkast engasjerer seg i spørsmålet om regionteaterstatus.

Det vart vedteke ein ambisiøs handlingsplan for kultur i samband med fylkesplanen for 1998-2001. Her vart det også skissert ei rekkje utbyggingsmål for Østfold Teater. ”Av alle tiltakene beskrevet i denne planen, er Østfold Teaters utvikling til prosjektteater et av de få som ble realisert”, skriv teatret i si eignevaluering. I høyringsutkastet til den nye fylkesplanen (2005-08) for Østfold er Østfold Teater ikkje nemnt. Men det vert parallelt arbeidd med ein delplan for kultur. Ambisjonane om utbygging til regionteater vil verte fastlått her.

Vi har sett ”en profesjonalisering” av amatørteaterverksemda i fylket, konstaterer teatret i eignevalueringa. Då teaterverkstaden tok til for 14 år sidan, var det dei store teaterlaga som dominerte. ”Sosialt samvær forbundet med kunstnerisk lek var hovedformålet med virksomheten”. I dag er det enkeltpersonar som trekkjer i gang prosjekt, og inviterer spesielt utvalde til å vere med. Etableringa av kulturskulane har også medverka til ei ny organisering av barne- og ungdomskulturen.

Denne utviklinga har ført til endringar i teatrets arbeid som ressurs- og kompetansesenter for amatørteatret, og til sterkare vektlegging på arbeidet med prosjektteater. Særleg sidan slutten av 1990-åra har det vorte lagt sterkare vekt på eigenproduksjon av forestillingar på profesjonelt nivå.

Teatret har arbeidd mykje med utvikling av ny norsk dramatik, gjerne med rot i Østfolds språk og kulturarv. Det har vore arrangert fem store skriveverkstader og kurs for dramatikarar; alle desse med støtte frå statlege fonds, som Kulturrådet, Fond for lyd og bilde og Fond for utøvende kunstnere. Teatret har vore heilt avhengig av denne støtta; mellom anna til engasjement av eigen dramaturg i to år (1995-97), av dansar/koreograf (1998), av forfattar, (2003/04). I alt har teatret fått vel kr 350.000 i prosjektstøtte frå dei nemnde instansane i perioden 1992-2003.

Frå starten av hadde Østfold Teater tre tilsette. Dette var slik fram til 1999, då ein fekk ein fjerde tilsett, pga. av intern omplassering i fylkeskommunen. Denne stillinga vart fast i 2003. Teatret har hatt høg stabilitet og heldig samansetjing av personalet; alle med lang erfaring frå profesjonelle grupper, frigrupper og turnéteater. Fleksibilitet og eit vidt spekter av fagfelt særmerkjer verksemda. Teatret har framleis fire stillingar. I 2004 hadde ein i tillegg fire engasjement over fire månader, seks i 1-2 mnd, og to kortare engasjement. Dette galdt særleg til eigenproduksjonen "Markus rapper".

#### 5.4 Prosjektteater

Dei andre arbeidsoppgåvene har, som nemnt ovanfor, endra karakter. Men teatret har framleis varierte oppgåver som ressurs- og kompetansesenter for amatørverksemda: Ein har regissert heilprofesjonelle operettar i Fredrikstad, frigruppeforestillinger for turné, amatørteater, friluftsteater, revyar, designa scenografi og kostymer, gått inn som skodespelarar i diverse store og små forestillingar, og halde kurs innanfor "alle teatrets fagfelt".

Til prosjektteaterverksemda med satsing på eigne produksjonar, der Østfold Teater har det totale ansvaret kunstnarleg og økonomisk, vert det engasjert berre profesjonelle utøvarar med turnéerfaring.

I 1996 produserte teatret seks nyskrivne einaktarar. I perioden 1999-2004 vart det utført åtte produksjonar, alle baserte på ny dramatik. Desse vart spelte 50-60 gonger i grunnskulen med gjennomsnittleg 5.000 elevar pr. produksjon. Siste året er det utvikla mykje arbeid knytt til Den kulturelle skolesekken i samarbeid med Delta K Østfold, som er ein fylkeskommunal organisasjon som tilrettelegg skuleturnear og lettar arbeidet med dette for teatret. Alle forestillingane er knytte til skulen. Østfold Teater turnerer ikkje med vanlege opne forestillingar. Teatret prioriterer nyskriven dramatik som satsingsområde, sjølv om kostnadene med dette er store. Mellom anna var "Markus rapper"-forestillinga eit stort og dristig løft, som lykkast godt.

Østfold Teater har, i følgje eigenevalueringa, gjennom prosjektteaterverksemda fått styrkt posisjonen i fylket. Etterspørselen etter gode teateropplevingar for barn og unge er stor, og med innføringa av Den kulturelle skulesekken har behovet for gode, lett flyttbare produksjonar auka betrakteleg. Ein opplever også aukande etterspørsel etter forestillingar for eit vakse publikum og for familiefeststellingar. Riksteatret har så langt berre besøkt Askim og no nyleg Moss i Østfold fylke. Men det finst mange gode kulturhus som Østfold Teater kan vitje. Til dette treng teatret ei ny merkantil stilling. Teatret er i ferd med å opprette eit arrangørnettverk inneverande år. Det skal hjelpe til med å ta i mot forestillingar for eit breiare publikum.

Teatret ser dei nærmaste åra for seg eit Østfold Teater med ein produksjonstab på 5-6 personar "som kan skape et kreativt miljø for kunstnere i kortere perioder der ny kunst skapes til beste for innbyggerne i fylket". Dette skal skje ved at teatret:

- produserer eigne forestillingar
- medverkar med kompetanse og/eller midlar i frie profesjonelle grupper for å produsere forestillingar

- inviterer frie profesjonelle sceniske grupper til å arbeide i teatret i avgrensa periodar

Slik kan Østfold Teater initiere langt fleire forestillingar enn den eine ”som nåværende budsjetttrammer tillater”. Ein tenkjer seg fem heile stillingar og to deltidstilsette.

Teatret vil frå 2005 produsere minst to forestillingar for Den Kulturelle Skolesekken med turneverksemd i grunnskulen. I tillegg kjem frie grupper som Østfold Teater kan bistå med faglege og økonomiske ressursar, og som kan turnere både for Skulesekken og for det planlagde Kulturhusnettverket frå hausten 2005.

Teatret har satsa mykje på å få fram ny dramatik skrivi av Østfold-forfattarar, gjennom skriveverkstader og manuskonkurransar. Ein vil halde fram med dette, slik at forestillingar ved Østfold Teater kan ha ”en lokalforankring i form av språk og historikk”. Dette vil styrkje identitetskjenninga og gi ”Østfold-kunstnere et mulig rom for uttrykk”. Teatret planlegg ein ny skriveverkstad i 2005. Verksemda som ”ressurs- og kompetansesenter for teaterlivet i fylket”, vil i følgje eigenevalueringa, halde fram som i dag.

Om 10 år skal Østfold Teater vere den einaste profesjonelle teaterinstitusjonen i Østfold som får offentlege midlar frå stat, fylkeskommune og kommunane i fylket. ”Skal det satses på teater som kunstform også i dette fylket, må Østfold Teater gis økonomiske rammer som gjør at det lar seg gjennomføre på en forsvarlig måte... Vi ønsker at et voksent publikum også skal kunne fryde seg over å se godt teater”.

Gjennom 13 ½ år har teatret opparbeidd seg status som et kulturelt, regionalt ressursenter, heiter det i eigenevalueringa. Det er no ”på høy tid at Østfold Teater får **regionteaterstatus**. Vi har registrert at Nord-Trøndelag Teater har oppnådd dette nylig, og ser at ØT passer nøyaktig til beskrivelsen av virksomheten og begrunnelsen for hvorfor dette teatret har oppnådd en slik status:

*”Det satses på produksjon av ny norsk dramatik, samproduksjon mellom amatører og profesjonelle, kompetansesenter for amatørvirksomheten, satsing på barn og unge og gjennomføring av stor turnevirksomhet”.*

Med grunnlag i dette har Østfold Teater for 2006 søkt Norsk kulturråd om eit statstilskot på 4,5 mill kroner, mens altså tilskotet for inneverande år er kr. 763.000. Søknaden er mellom anna knytt til arbeidet med ny kulturplan for Østfold. I planutkastet opererer ein mellom anna med omgrepet ”fyrtårn”, det vil seie kulturtiltak det skal satsast spesielt på. For Fredrikstad-regionen vert det i denne samanheng peikt på at ein skal ”videreutvikle arbeidet med etablering av Østfold Teater som regionteater”. I budsjettsoknaden er dette grunnlagt med at Østfold Teater har:

- sterk lokal forankring
- satsning på barn og unge
- virksomhet i samspill amatør/profesjonell

Viktigaste ambisjonen er at ein skal vere ”best i landet på teater for barn og unge”.

Østfold Teater har såleis store ambisjonar for verksemda i åra framover. Flyttinga til Fredrikstad og den noko seine erkjenninga av at ”regionteater tanken” (truleg) enno ikkje er lagd død, har klart medverka til å auke ambisjonane.

### **5.5 Kortfatta oppsummering og vurdering**

Østfold Teaterverksted starta si verksemd i 1991 med tre tilsette og med sterk vekt på samarbeid med og bistand til den omfattande amatørteaterverksemda i fylket. Teatret, som det i dag heiter, har no fire tilsette. Det har skjedd ei klar endring og dreining av verksemda dei siste åra med stadig sterkare vekt på og understreking av verksemda som prosjektteater, dvs. kunstnarlege eigenproduksjonar med innleigde profesjonelle aktørar. Skulane i fylket er og har vore den viktigaste (einaste) målgruppa for desse forestillingane. Ein ønskjer no å utvide denne verksemda også for eit vakse publikum.

Denne endringa avspeglar, til liks med tilsvarande utvikling i Nord-Trøndelag, strukturelle endringar i amatørteaterfeltet i fylket og auka kunstnarlege ambisjonar i teatret og hos dei som finansierer teatret, dvs. særleg fylkeskommunen. Østfold Teater ønskjer nå å verte den einaste profesjonelle teaterinstitusjonen i fylket.

Men spørsmålet om ”regionteaterstatus” har kome seint på banen i Østfold. Det kan vere mange grunnar til dette. Vi kan mellom anna konstatere at spørsmålet ikkje for alvor vart aktualisert før *etter* omorganiseringa og flyttinga av teatret. Først då synest fylkespolitikarane i Østfold å ha gripe fatt i denne saka. Medan leiande politikarar i Nord-Trøndelag var mykje tidlegare ute. Og det er på det politiske nivået, ikkje på teaterfaglege, at spørsmålet om ”regionteaterstatus” høyrer heime. Fylkeskommunen i Østfold har nett hatt sitt første møte med Kulturdepartementet om saka. Men all erfaring frå det som har skjedd med andre teater på dette området, tyder på at ein bør vende seg til Stortinget heller enn til departementet.

Østfold Teater sin beskrivelse av eiga verksemd minner, som teatret sjølv er inne på, svært mykje om Nord-Trøndelag Teater sin eigenbeskrivelse. Begge teatra har gått vegen frå amatørretta teaterverkstad til eit teater klart meir prega av prosjektbaserte eigen- og samproduksjonar. Begge teatra baserer seg på utvikling av lokal og regional forankra dramatikk, har barn og unge som hovudmålgruppe, og driv omfattande turneverksemd i tillegg til samarbeid med og bistand til amatørteater og frie grupper. Så langt har Østfold Teater berre laga produksjonar for skulane (elevane) i fylket, og såleis ikkje utsett seg sjølv for marknaden dom gjennom anna (og frivillig) publikum. Teatret ønskjer no også å vende seg mot eit ei slikt publikum.

Østfold Teater har i betydeleg større grad enn Nord-Trøndelag Teater klart å skaffe nasjonale prosjektmidlar til å utvikle lokal dramatikk for scena. Det er underteikna sitt inntrykk at dette har gitt gode kunstnarlege resultat.

Budsjettet for Østfold Teater er betydeleg lågare enn budsjettet for Nord-Trøndelag Teater. Det same gjeld dei offentlege tilskota som i all hovudsak finansierer verksemda. Dei offentlege tilskota for Østfold Teater er 35-40 pst av tilsvarande for Nord-Trøndelag Teater, sjølv om også kommunane i fylket er med og finansierer Østfold Teater. Statstilskotet har endra seg lite gjennom heile perioden, medan fylkeskommunen har auka sin innsats. Det *kan* verke som Østfold Teater får meir teater ut av sine ressursar enn det Nord-Trøndelag Teater gjer. Arbeidsoppgåvene er mykje dei same, produksjonsomfanget forholdsvis likt. Men Nord-Trøndelag Teater synest å ha (langt) fleire samproduksjonar og større turnear. Dei spelar også for eit vakse publikum. Dessutan er avstandane betydeleg større i Nord-Trøndelag enn i Østfold.

Også for Østfold Teater er det no sett politisk fokus på realisering av regionteaterstatus. Det er fullt forståeleg, ut frå det som har skjedd når det gjeld Nord-Trøndelag Teater og, seinast, også Akershus Teater. Også for Østfold Teater er status som (profesjonelt) regionteater knytt til fleire eigenproduksjonar og meir omfattande turnear. For denne utgreiaren verkar det like så rimeleg (eller urimeleg) at Østfold Teater skal få denne statusen som Nord-Trøndelag og Akershus Teater. Så langt finst det, utover det stortingskomiteen har sagt, ikkje klare kriterium for kva som skal til for å få regionteaterstatus. Departementet har ikkje i prøvd seg på avklaring. Og i hovudsak dreier denne saka seg om pengar og politikk meir enn om kunst. Derfor er godt politisk arbeid viktig for å få dette til. I Østfold har ein ikkje før det siste året teke dette fullt på alvor. Ny-organiseringa av teatret og flyttinga til Fredrikstad har ført til fortgang i arbeidet.

Vi skal kome tilbake til spørsmålet om institusjonaliseringsdrivet og dynamikk på scenekunstheltet, mogleg overproduksjon og amatørteatrets plass i avslutningskapitlet.

## **6 Buskerud Teater**

*”Buskerud Teater skal være et organ for økonomisk og teaterfaglig samordning og videreutvikling av teatervirksomheten innen Buskerud fylke. Teatervirksomheten skal legges til rette slik at teateramatørene skal drive aktiviteter på alle nivå og i alle aldersgrupper. De regionale teaterverksteder skal være grunnsteinen i Buskerud Teater”.*

Slik lyder formålsparagrafen for Buskerud Teater. Han vart formulert i ein fylkeskommunal teaterplan vedteken i Buskerud fylkesting i 1990, og gjeld enno. I denne planen blei det lagt vekt på at behovet for å samordne og styrkje teaterverksemda i Buskerud var stort, og det vart spesielt framheva at fylket mangla eit fagleg teatermiljø. Det var særleg den omfattande amatørteaterverksemda i fylket som hadde behov for fagleg støtte. Ei vidare satsing på dette ville vere viktig for å oppretthalde og vidareutvikle lokalsamfunna i Buskerud.

## 6.1 Etablering

Etableringshistoria for Buskerud Teater liknar mykje på tilsvarande historier for etableringar i Nord-Trøndelag og i Østfold. Ein tok utgangspunkt i tankane kring teaterverkstader. Då teaterplanen vart lagt fram, fanst det alt ein teaterverkstad i Buskerud; Hallingdal Teaterverkstad. Dei gode erfaringane herifrå var utgangspunktet for det vidare arbeidet med å etablere Buskerud Teater. Eller som det vert uttrykt i planen (jf. Stavrum 2004):

*”Erfaringene fra Hallingdal viser at teaterverkstedet førte til en sterk økning i aktivitet og kvalitet i teaterarbeidet og ringvirkninger til tilknyttede aktiviteter. Med Buskerud Teater ønsker en å overføre disse positive erfaringene til de andre regionene i fylket”.*

Teaterplanen drøfta ulike modellar. Ein modell som tok sikte på utbygging av teaterverkstader i fire regionar i fylket, vart vedteken. Buskerud Teater skulle så vere ein paraplyorganisasjon for samordning av desse verkstadene.

Det tok likevel fem år før Buskerud Teater vart etablert. Det skjedde 16. juni 1995. Teatret vart organisert som ein stiftelse, med styremedlemmer frå teaterverkstadene frå fylkeskommunen og frå fagrådet for Buskerud Teater. Teatret vert finansiert av fylkeskommunen, Norsk kulturråd og av dei fleste kommunane i fylket. Kommunetilskota går direkte til eitt av dei (no) fire teaterverkstadene. Støtta frå Norsk kulturråd ”kom inn i bildet etter søknad om statsmidler frå Hallingdal teaterverksted”.

Buskerud Teater er no snart 10 år. Organisasjonsforma har vore uendra. Men det er no etablert fire teaterverkstader i fylket. Forutan Hallingdal Teaterverkstad som vart oppretta midt på 1980-talet, er dette

- Midt fylket Teaterverksted, stifta 1992, i drift frå 1993
- Nedre Buskerud Teaterverksted, stifta 1997, i drift same året
- Numedal Teaterverksted, stifta 2004, i drift frå 2005

Buskerud Teater fungerer framleis som ein paraplyorganisasjon for desse teaterverkstadene. Dei overordna målsetjingane er knytt til økonomisk og teaterfagleg samordning og vidareutvikling av amatørteaterverksemda i Buskerud fylke. I 2004 var den samla offentlege støtta til Buskerud Teater kr 1.905.000. Av dette var kr 675.000 statleg støtte frå post 74, Norsk kulturråd og kr 1.230.000 frå Buskerud fylkeskommune. Det meste av dette tilskotet vert fordelt på dei fire teaterverkstadene. Berre kr 140.000 gjekk direkte til drifta av paraplyorganisasjonen. Drifta av Buskerud Teater vert leia av ein teaterkonsulent i 15 pst. stilling. Vedkommande er samtidig leiar av Nedre Buskerud Teaterverksted i 85 pst. stilling.

## 6.2 Brukarevaluering 2004

Som nemnt vart Buskerud Teater evaluert hausten 2004 av Telemarksforskning. Gjennom denne undersøkinga ønskte ein å finne ut korleis brukarane av dei tre teaterverkstadene i fylket opplevde dei tilboda og tenestene som vert tilbydde. Undersøkinga skulle ”avdekke hvorvidt Buskerud Teater treffer de viktigste behovene hos sine brukere, eller om det



finnes behov som tilsier at tjenestene i større grad bør målrettes eller justeres” (Stavrum 2004, s. 7). Hovudkonklusjonen var som følgjer:

”Undersøkelsen viste at Buskerud Teater i all hovedsak har lyktes med å oppfylle sine viktigste mål. Både kommuner og teatergrupper har et positivt inntrykk av Buskerud Teater og teaterverkstedene, og de fleste brukerne får hjelp fra teaterverkstedene når de har behov for det” (jf. samandrag på [www.tmforskbo.no](http://www.tmforskbo.no)).

Undersøkinga viste at både dei involverte kommunane og teatergruppene har eit positivt inntrykk av Buskerud og dei tre teaterverkstadene. Dei aller fleste brukarane får hjelp frå teaterverkstadene når dei har behov for det, og dei er stort sett nøgde med den hjelpa dei får. Men det var eit minstekrav at den noverande drifta av teaterverkstadene kunne vidareførast og haldast oppe. Det kom elles fram ein del kritiske merknader i samband med informasjon og kommunikasjon, samt teknisk bistand og teknisk utstyr.

Det viste seg også at fleire av dei teatergruppene som var registrerte som brukarar av tenestene, i realiteten enten ikkje er i drift eller ikkje brukar dei aktuelle tenestene. Det vart sendt ut i alt 66 spørjeskjema til teatergrupper. 39 av desse svarte på skjemaet. Av dei 27 om ikkje svarte, gav 11 melding om dei enten ikkje var i aktivitet eller ikkje nytta tenestene frå teaterverkstadene. 16 gav ikkje noka tilbakemelding. Fråfallet vart rundt 50 pst. i Hallingdal og Midtfylket, men berre vel 20 pst. i Nedre Buskerud.

Slik sett utfører Buskerud Teater og dei operative organa (dei tre teaterverkstadene) jobben sin på ein tilfredsstillande måte. Det vert konkludert med at ”teaterverkstedene i stor grad treffer brukernes behov” (Stavrum 2004, s. 34). Særleg er det verd å merkje seg at teaterverkstadene sitt tilbod innanfor regi og instruksjon samt teaterfagleg rettleiing og konsulenthjelp vert høgt verdsett av brukarane. Det er derfor viktig at ”teaterverkstedene fortsetter å ha disse tjenestene som hovedefokus i sitt arbeid med amatørteatergruppene” (smst).

I motsetning til teaterverkstadene i Nord-Trøndelag og Østfold har ein i Buskerud valt å halde fast ved den opphavlege hovudmålsetjinga for arbeidet. Hjelp og rettleiing til amatørteatergrupper er det viktigaste arbeidsområdet også i dag. Det har òg i den perioden Buskerud Teater har eksistert, vorte oppretta tre nye teaterverkstader i fylket.

### **6.3 Profesjonelt teater**

Men også i Buskerud kunne det ha gått annleis. I den opphavlege teaterplanen frå 1990 var målsetjinga å opprette eit profesjonelt prosjektteater inn under paraplyen Buskerud Teater. Men dette vedtaket vart oppheva ved den nye teaterplanen i 1999. Grunnen til dette var at eit anna profesjonelt teater no var skipa i Drammen: Brageteatret. Den nye teaterplanen la derfor vekt på at amatørverksemda i fylket framleis skulle vere ein viktig faktor i det frivillige kulturlivet, og at teaterverkstadene skulle halde fram drifta si med tanke på dette. Det var likevel politisk strid i fylket om dette, og representantar for fleire av teaterverkstadene var skeptiske til etableringa av Brageteatret, i kva grad dette ville samspele med teaterverkstadene og eventuelt føre til reduserte løyvingar til desse. Ulike

syn på amatørteaterverksemda og motsetningar mellom amatør og profesjonell prega også debatten i 1998 om dette. ”Vi ved teaterverkstedene er spente på hva denne samordningen vil føre med seg. Den siste tiden har vi følt at vi har stått i en nattklubbkø der dørvaktene slipper inn de rike og trendy først”, heiter det i ei eit rimeleg typisk lesarinnlegg i Drammens Tidende 11. des. 1998 frå ein styremedlem i Hallingdal teaterverkstad.

Brageteatret i Drammen vert i dag finansiert av Kulturdepartementet (over post 78 Ymse tiltak) og av Buskerud fylkeskommune og Drammen kommune. Løyvinga frå departementet for 2005 er kr 2.561.000. Teatret vart stifta i november 2000, og er eigd av fylkeskommunen og Drammen kommune. Teatret har som formål å tilby profesjonell og allsidig teaterverksemd med desse hovudoppgåvene:

1. Skape teater med barne- og ungdomsperspektiv
2. Skape teater med fleirkulturelt perspektiv

Det synest ikkje å vere utvikla noko samarbeid mellom Buskerud Teater og Brageteatret.

Buskerud fylkeskommune valde altså ein annan strategi enn mange andre fylke når det galdt å skipe sitt ”eige” profesjonelle teater. Medan etableringa dei fleste andre stader var basert på eksisterande teaterverkstader eller prosjektteater, valde ein i Buskerud å knyte etableringa til eit profesjonelt teater utan tilknytning til amatørverksemd eller til prosjektverksemd. Ein konsekvens av dette er at arbeidet ved Buskerud Teater og dei tre (fire) teaterverkstadene framleis har rettleiing og bistand for amatørteaterverksemda som si primæroppgåve.

Den fjerde og siste teaterverkstaden ved Buskerud Teater har nett kome i funksjon. Det er Numedal Teaterverkstad. Fødselen til denne verkstaden har vore litt smertefull og omstridd. Det har samanheng med at Kongsberg kommune valde å stå utanfor ordninga, og såleis ikkje bidreg økonomisk til realiseringa. Derimot har kommunane Nore og Uvdal, Rollag og Flesberg sagt ja til å vere med. Det er no tilsett teaterkonsulent i 50 pst. stilling ved den nye teaterverkstaden – i kontorfellesskap med Nedre Buskerud Teaterverkstad. Denne prosessen har elles vore svært tidkrevjande. I ti år har denne teaterverkstaden vore på plankartet.

Det er elles rett å peike på at det i nokre andre kommunar også tidvis har vore ein del politisk strid om i kva grad kommunane skal halde fram å vere med i dei etablerte teaterverkstadene. Sjølv om summane kvar enkelt kommune bidreg med, er små, har det vore foreslått å kutte eller redusere den kommunale støtta.

Etableringa av Numedal Teaterverkstad medførte elles ingen auke i det fylkeskommunale bidrag til Buskerud Teater for 2005. Fylkeskommunen si løyving er 1.230.000 for 2005; det same som for 2004. Det statlege bidraget auka med kr 10.000, frå kr 675.000 til kr 685.000. I det fylkeskommunale saksframlegget om fordelinga av støtta heiter det at dette ”betyr en enda strammere økonomi for Buskerud Teater og de enkelte teaterverkstedene”.

Dei statlege og fylkeskommunale løyvingane er fordelte slik i 2005:

Buskerud Teater	140.000
Hallingdal Teaterverkstad	640.000
Midt fylket Teaterverksted	513.000
Nedre Buskerud Teaterverksted	522.000
Numedal Teaterverksted	100.000
<b>I alt</b>	<b>1.275.000</b>

Utover dette løyver dei enkelte kommunane i nedslagsfeltet for dei ulike teaterverkstadene midlar direkte til dei enkelte teaterverkstadene. Den samla kommunale løyvinga til dei fire teaterverkstadene er for 2005 om lag kr 600.000, det vil seie noko mindre enn statsstøtta til Buskerud Teater.

#### **6.4 Kortfatta oppsummering og vurdering**

Buskerud Teater vart skipa i 1995 som ein overbygning over regionale teaterverkstader i fylket, med oppgåve også å medverke til skiping av fleire slike verkstader. Rettleiing og hjelp til amatørteatra var hovudoppgåva og grunnsteinen i verksemda. Men teaterplanen som låg til grunn, slo òg fast at det med grunnlag i Buskerud Teater skulle skipast eit profesjonelt teater i fylket.

Dette vedtaket vart oppheva gjennom ein ny teaterplan i 1991. Her vart det bestemt at den profesjonelle delen av teaterarbeidet i fylket skulle ivaretakast av Brageteatret i Drammen, som hadde vokse fram frå idéen om ein regional kulturverkstad. Dette profesjonelle teatret rettar si verksemd først og fremst mot barn og unge, slik også tilfellet er for mange andre av dei regionale teaterverksemdene som har vokse fram gjennom teaterverkstader og prosjektteater.

Buskerud Teater og dei operative fire regionale teaterverkstadene har såleis framleis si hovudverksemd retta mot amatørteatret i fylket med særleg vekt på tilbod innanfor regi og instruksjon, teaterfagleg rettleiing og konsulenthjelp. Ei brukarundersøking hausten 2004 viste at brukarane var godt tilfredse med denne ordninga. Det finst likevel mange inaktive amatørteaterlag i heile fylket.

Finansieringa av denne verksemda er knapp. Løyvingane, både frå stat, fylkeskommune og kommunar, har stått stille dei seinare åra. Dei kommunale bidraga til teaterverkstadene er under eit visst press. Kongsberg kommune valde å stå utanfor det nyskipa Numedal Teaterverkstad.

Det statlege bidraget til verksemda har (i faste prisar) vore bortimot uendra sidan etableringa av Buskerud Teater i 1991.

## 7 Avslutning

### 7.1 Endå fleire institusjonar?

*”Historien om norsk scenekunstpolitikk er i all hovudsak en historie om institusjonsbygging for å nå overordnede politiske mål om kulturspredning og lik tilgang til kulturgodene”.*

Slik vart denne evalueringsrapporten innleidd. Historia om dei tre teaterverksemdene som er fortalt i kapittel 4-6, er nok eit bidrag til denne historia. Det gjeld både i Nord-Trøndelag og i Østfold, som no begge krev ein eigen, i hovudsak statsfinansiert, teaterinstitusjon. I Buskerud har dei alt *fått* sin eigen institusjon. Men denne institusjonen (Brageteatret) vert ikkje evaluert, sidan han er finansiert over eit anna budsjettkapittel enn det som vert omfatta av denne evalueringa. For det er ikkje kunst- eller kulturpolitiske behov, men statens vilkårlege plassering av tiltak på eit spesielt budsjettkapittel, som har styrt den omfattande post 74-evalueringa.

Treng vi no likevel endå fleire, i det vesentlege statsfinansierte, teaterinstitusjonar? Ser vi på publikumsoppslutninga, er svaret bortimot eit eintydig nei. Trass ei rekkje nyetableringar av institusjonsteater sidan starten av 1970-talet var publikumstalet rundt hundreårsskiftet om lag det same som 25 år tidlegare (Løyland og Ringstad 2002, Arnestad 2002).

”Markedsforvitring” kallar Løyland og Ringstad dette. Dei peikar også på ”betydelige stordriftsfordeler i norsk teaterproduksjon” (s. 91).

Men det finst andre, og kanskje viktigare, målsetjingar for norsk teaterpolitikk. Kulturspreiing og lik tilgang til kulturgode er nemnde i sitatet ovanfor. Sett i eit slikt lys er kravet frå regionar *utan* profesjonelle teaterinstitusjonar eit forståeleg krav. I alle fall om vi ser det frå dei ”teaterlause” regionane sitt synspunkt. På den andre sida er det naturleg å reise spørsmålet om endå fleire tradisjonelle statsfinansierte institusjonar er den einaste eller den riktige løysinga.

For kanskje er det slik, som mange har hevda, at norsk scenekunst er altfor sterkt institusjonalisert og sementert og for lite utsett for kvalitetsmessige vurderingar. Det trengst meir dynamikk, fleksibilitet og ulike typar institusjonar. Scenekunstutvalget argumenterte blant anna for dette. Men mange andre har sagt det same.

I vår samanheng er det her naturleg å peike på teaterverkstadene som vart etablerte på 1980-talet, representerte eit regionalt alternativ til tradisjonelle (og meir urbane) teaterinstitusjonar. Med det borgarlege teatrets auge var dette også ein radikal og utfordrande teatermodell. Samarbeid med amatørar har alltid vore omstridd i kunstkrinsar. Å byggje sjølve grunnsteinen i den profesjonelle verksemda si på nært samarbeid med amatørteaterrørsla, slik teaterverkstadene gjorde det, var direkte uhøyrte. Ideologane bak dette ville på denne måten søkje å utfordre og, gjerne, erobre maktposisjonen i teaterfeltet (Aslaksen 2004).

Men dei lykkast ikkje med dette. Amatørteaterrørsla er i dag ikkje lenger ein alternativ, knapt nok ein supplerande, strategi til det profesjonelle institusjonsteatret. Det er mange grunnar til dette. Vi kan ikkje gå inn på det

her. Eitt viktig resultat er likevel at dei mange (tidlegare) regionale teaterverkstadene som ønskjer å utvikle seg vidare og spisse verksemda si, og gjere det med eit rimeleg trygt økonomisk fundament i botnen, knapt har andre vegar å gå enn institusjonsvegen. I praksis betyr dette aukande vekt på meir eller mindre tradisjonelle og profesjonelle sceneoppsetningar. Så kan dette, slik det nesten alltid vert gjort, gjerne baserast på prosjektengasjerte profesjonelle skodespelarar, på lokal og regional dramatik og, politisk korrekt, rettast mot barn og unge.

Om ein kallar dette regionteater eller ikkje, spelar mindre rolle. Men regionane (fylka) ventar seg likebehandling frå staten. Den alternative vegen til regional scenekunst via amatørteatret gjekk ikkje an å realisere. No vil dei ”teaterlause” regionane også ha sitt statlege finansierte profesjonelle teater. Dei får støtte til dette frå bortimot eit samla Storting. Departementet, derimot, er så langt nølande og avventande.

## 7.2 Dei tre teaterverksemdene

Det er mange fellestrekk ved dei tre teaterverksemdene som denne evalueringa omfattar. Alle vart etablerte etter fylkeskommunale initiativ, og hadde sin bakgrunn og primære formål nært knytt til amatørteatret i regionen. Teaterverkstadtenkinga var utgangspunktet. Denne var på 1980-talet grunnlaget for opprettinga av mange regionale teaterverksemdar. Særleg galdt dette i regionar *utan* større bysentra. I regionar *med* slike sentra og med sterkare og meir urbane teatertradisjonar vart prosjektteatret valt som etableringsform.

For dei tre regionale teaterverksemdene låg det også, kanskje alt frå starten, til grunn ei målsetjing om at dei skulle utvikle seg til profesjonelle teaterverksemdar. I teaterplanen for Buskerud frå 1990, som var utgangspunktet for skipinga av Buskerud Teater, var dette til og med ei erklært og uttrykt målsetjing. Men i dette fylket, med ein stor by som fylkeshovudstad, vart målsetjinga ikkje realisert. Eit byteater vart i staden valt som grunnlag for det profesjonelle teatret i dette fylket.

Derimot endra teaterverkstadene i både Nord-Trøndelag og i Østfold etter kvart fokus – med stadig aukande vekt på prosjektretta eigenproduksjonar basert på innleigde profesjonelle skodespelarar, men med det kunstnarlege og økonomiske ansvaret forankra i dei to regionale teaterinstitusjonane. Denne utviklinga var ikkje særleg overraskande; ho så å seie låg i korta alt frå starten. Og dei fylkeskommunale styresmaktene såg positivt på den auka profesjonaliseringa og prosjektrettinga av verksemda. Særleg i Nord-Trøndelag var fylkeskommunen snøgt ute og støtta opp under ei slik utvikling. Det tok lenger tid før Østfold fylkeskommune kom på banen. Begge teaterverkstadene skifta også namn frå ”teaterverkstad” til ”teater”. I Nord-Trøndelag skjedde dette alt i 1996, i Østfold først i 2001. Begge stader i samråd med og hovudsakleg etter initiativ frå fylkeskommunane.

I Nord-Trøndelag tok ein samtidig, midt på 1990-talet, til å arbeide for at teatret skulle få status som ”regionteater”. Østfold var betydeleg seinare ute. Først etter at teatret i Nord-Trøndelag hadde fått regionteaterstatus av kulturkomiteen på Stortinget, og i samband med omorganiseringa og

flyttinga av teatret i Østfold i 2004, kom spørsmålet for alvor på dagsorden også her.

Det er viktig å merkje seg at det primært er fylkespolitikarane og fylkesadministrasjonen som køyrer dette ”løpet”. For det er politikk og pengar dette primært handlar om, ikkje om oppfyljing av scenekunsthaglege kriterium. Og det er kulturkomiteen på Stortinget som sit med nøkkelen, og som engasjerer seg sterkast i dette spørsmålet. Slik har det vore i heile historia om utviklinga av norsk regionteaterverksemd sidan byrjinga av 1980-talet. Det er Stortinget, dvs. skiftande kulturkomitear, som har teke initiativet til statleg delfinansiering av denne verksemda. Departementet vil på si side ha eit meirfleksibelt finansieringssystem, og vil slett ikkje innlemme endå fleire institusjonar i det ein kallar ”ordninga med avtalefesta samfinansiering”.

Mellom anna av den grunn har finansieringa av norske regionale teaterinstitusjonar og -tiltak fått eit noko ”tilfeldig” preg. Det ligg ikkje nokon gjennomtenkt plan eller strategi bak dei ulike ordningane. Det kan verke ganske tilfeldig om ein teaterinstitusjon i dag får sine midlar over post 78 i Kulturdepartementet, post 74 i Norsk kulturråd eller (eventuelt) over post 50 frå Norsk kulturfond.

Av same tilfeldige grunn opplever vi at i dag får Nord-Trøndelag Teater ei årleg løyving frå Kulturrådet på vel 2,5 mill. kroner, medan Østfold Teater ”berre” får vel 760.000 kroner. Dette til tross for at det er mange slåande likskapstrekk ved ideologien, verksemda og produksjonen ved dei to teatra. Ny regional dramatik, sterk satsing på barn og unge, prosjekttretta profesjonelle eigen- og samproduksjonar, turneverksemd og samspel mellom profesjonelle og amatørar pregar begge teatra, sjølv om det er noko ulik vektlegging mellom dei to. Østfold har lukkast spesielt godt med utviklinga av ny regional dramatik, med betydeleg statlege prosjekttilskot. Nord-Trøndelag har lykkast med å skape stor politisk og folkeleg oppslutning om teatret sitt. Men i hovudsak kan vi seie at den såkalla ”Nord-Trøndelagsmodellen” for regional teaterverksemd pregar både Nord-Trøndelag Teater og Østfold Teater.

Utfordringa for begge teatra er truleg størst når det gjeld å skaffe seg og skape tilfredsstillande publikumsoppslutning blant ”vanlege folk”. Så langt har Østfold Teater ikkje prøvd seg på den allmenne teatermarknaden, men ”berre”, med hell rett nok, produsert teater for den regulerte skulemarknaden. Nord-Trøndelag Teater har, med varierende hell, også sendt produksjonar på turné for allmenmarknaden i fylket. Begge teatra vil oppleve at kampen om publikum er vanskeleg. Det er langt frå sikkert at meir pengar og fleire eigenproduksjonar vil generere ein ny marknad for teatra. Statlege styresmakter må leggje vekt også på dette i si vurdering når det skal takast stilling til auka løyvingar.

Slik sett er Buskerud Teater heldigare stilt. Oppgåva til dette teatret er framleis i hovudsak avgrensa til hjelp og rettleiing overfor amatørteaterverksemda i fylket. Ei oppgåve brukarane synest at Buskerud Teater løyser på ein tilfredsstillande måte. Det er likevel, kanskje, eit urovekkande trekk at bortimot halvparten av dei registrerte amatørteaterlaga i store delar av fylket synest å vere ”inaktive”. Det vil òg verke noko

merkeleg om ein ikkje også i dette fylket har opplevd dei same strukturendringane i amatørteaterverksemda, med auka vekt også på profesjonalisering, som ein har registrert i Østfold og Nord-Trøndelag. Dette er det ikkje reflektert over i Telemarksforskings brukarundersøking av Buskerud Teater "Amatørens støttespiller" (Stavrum 2004). Det er elles ein del uvisse i Buskerud når det gjeld vidare kommunal medfinansiering av dei fire lokale teaterverkstadene.

Både i Nord-Trøndelag og i Østfold har det vore ein del uro når det gjeld lokalisering og organisering av dei to regionale teatra. Østfold synest no, etter lang tid, å ha funne fram til ei heldig løysing av begge desse spørsmåla. Dette har ført til det som kan synast som ein ny "giv" for teatret, i alle fall i arbeidet med å auke dei statlege løyvingane gjennom sterkare politisk press. Nord-Trøndelag har også funne fram til ei einskapleg organisering av teatret, med fylkeskommunen som eineigar. Dette skjedde alt i 1996, og var ein viktig grunn til at det politiske arbeidet for teatret alt då fekk ei ny skuv. Men lokaliseringa av teatret er framleis både på den teaterfaglege og politiske dagsorden. Det synest derimot ikkje å vere særleg regionalpolitisk interesse kring arbeidet til Buskerud Teater. Merksemda er truleg langt større kring Brageteatret. På litt sikt er dette ein fare for verksemda.

Har dei tre teaterverksemdene lykkast med arbeidet sitt – sett i forhold til prioriterte arbeidsoppgåver og disponible ressursar? Spørsmålet kan ikkje svarast på – anna enn skissemessig. Vi veit rett nok at brukarane av Buskerud Teater er godt nøgde med tenestene som vert leverte herifrå. Men den føreliggjande evalueringa gir ikkje svar på korleis amatørteaterverksemda i fylket har utvikla seg og kva for utfordringar denne står overfor. For Nord-Trøndelag Teater og Østfold Teater er det derimot ikkje gjort brukarundersøkingar. Det er likevel denne utgreiar sitt hovudintrykk at begge institusjonane har lykkast med å verte godt forankra i regionen sin, og at målforskyvinga i retning av eigenproduserte og profesjonelle teaterproduksjonar har vore både ønskeleg og nødvendig. Østfold Teater har kanskje lykkast best når vi ser aktivitet og produksjon i forhold til disponible økonomiske ressursar.

Begge fylka set no fokus på vidare utvikling av dei tidlegare amatørretta teaterverkstadene til profesjonelle teater. Ein har knapt hatt noko anna val. Eit sjølv sagt ledd i dette arbeidet er kravet om å få same status som profesjonelle teater i mange andre fylke: Regionteaterstatus. I dette ligg det ei meir enn symbolsk anerkjenning av kunstnarleg nivå og profesjonalitet. Men mest dreier det seg om meir pengar, og meir "forutsigelege" pengar, til å lage meir og, helst, betre teater for.

Som sagt i avsnitt 3, peikte vi i vår 1995-rapport på at Kulturdepartementet ikkje har gjort noka avklaring når det gjeld "amatørteatrets status og normene for kvalitet og profesjonalitet i den statlege scenekunstopolitikken". Vi kan, som vi var inne på i avsnitt 7.1, gjenta dette i dag. Sjølv om det i mellomtida har kome både ei scenekunstutgreiing og ei ny kulturmelding. Ingen kan i dag seie noko om kva for krav som skal oppfyllast for å oppnå det som enno vert kalla "regionteaterstatus". Vi kan berre registrere at på dette området er det stortingskomiteen som rår. Og at departementet meir eller mindre motvillig følgjer med på lasset.

Stortinget har alt gitt Nord-Trøndelag Teater status som "regionteater". (I praksis er det også gjort eit tilsvarande vedtak for Akershus Teater, sjå fotnote 1). Det er all grunn for Stortinget til å gjere det same for Østfold Teater. Begge teatra har gjennom 15-20 års arbeid og innsats vist at dei i like stor grad fortener denne statusen, som andre fylkesdekkjande teater med status som regionteater gjer det. Utviklinga synest å gå i retning av at dei fleste fylke får slike teater, finansierte som r/l-institusjonar med 70 pst. stat og 30 pst. region.

Scenekunstutvalet fekk ikkje gjennomslag for sitt forslag om programfinansiering av regionale og lokale scenekunstinstitusjonar. Framleis er det prinsippa som vart fastlagde i den førre stortingsmeldinga om kulturpolitikk ("Kultur i tiden" frå 1992), som ligg til grunn for statleg medfinansiering av regionale teaterinstitusjonar.

Kulturdepartementet må no ta dette til vitande i si handsaming av vedtak som Stortinget gjer. Departementet kan eventuelt sjølv ta initiativet til ei ryddig avklaring av kven som skal (bør) få statleg medfinansiering etter ulike modellar.

Avslutningsvis vil denne utgreiaren hevde at det ikkje er nokon grunn til at Nord-Trøndelag Teater og Østfold Teater skal halde fram med eit usikkert budsjettmessig tilvere på post 74 forvalta av Norsk kulturråd.

Departementet må sjølv ta over finansieringa av desse to. Snarast mogleg må departementet klargjere både overfor dei to teatra og overfor Stortinget kva regionteaterstatus i dag inneber, og kva som skal til for å oppnå slik status.

Når det gjeld Buskerud Teater, er det rimeleg at denne institusjonen framleis får sine løyvingar over post 74. Samtidig er det behov også for ei avklaring av kva for plass dagens regionale amatørteaterverksemd skal og bør ha i den statlege kulturpolitikken.

## Litteratur

Arnestad, G., Gladsø, S., og Langdalen, J. (1995): *Thalias utpost eller lokalsamfunnets speil? Norsk regionalteaterpolitikk 1970-93*. Rapport nr. 1/95, Vestlandsforskning, Sogndal.

Arnestad, Georg (1999): "Offentleg støtte til kunstformål. Om fordeling mellom institusjon og prosjektstøtte - og mellom sentrum og periferi. Kulturøkonomiske fordelingsverknader og kulturpolitiske dilemma". I Langdalen, Lund og Mangset (1999): *Institusjon eller prosjekt - organisering av kunstnerisk virksomhet*. Rapport nr. 14, Norsk kulturråd.

Arnestad, Georg (2002): "Tilbodet veks, etterspørselen stagnerer. Trekk ved kulturøkonomi og kulturens økonomi i Noreg". I Bjørkås, Svein (red): *Kultur – produksjon, distribusjon og konsum. Kulturpolitikk og forskningsformidling, bind III*. Høyskoleforlaget.



Aslaksen, Ellen (2004): "Kunstlivets grenseland – om amatører og profesjonelle. I *Kultur, politikk og forskning : festskrift til Per Mangset på 60-årsdagen*. Rapport nr. 217, Telemarksforskning-Bø.

B.innst. S. nr. 2 (2004-2005) om Innstilling fra familie-, kultur- og administrasjonskomiteen om bevilgninger på statsbudsjettet for 2005

Eide, T.H., Aslaksen, E. og Vaagland, J. (2000): Evaluering av Hedmark Teater. Rapport, 7/2000, Østlandsforskning.

Innst. S. nr. 155 (2003-2004): *Innstilling fra familie-, kultur- og administrasjonskomiteen om Kulturpolitikk fram mot 2014*.

Lyhmann, Kristin et. al. (1989): *Teaterverksted i Østfold. Et utredningsarbeid i startfasen*, Sarpsborg.

Lyhmann, Kristin et. al. (1990): *Teaterverksted i Østfold. Utredning*. Sarpsborg.

Løyland, K. og Ringstad, V. (2002): *Produksjons- og kostnadsstruktur i norske teatre*. Arbeidsrapport 5/2002, Telemarksforskning-Bø.

NOU 2002:8: *Etter alle kunstens regler – en utredning om norsk scenekunst*

St.meld. nr. 61 (1991-92): *Kultur i tiden*

St.meld. nr. 48 (2002-2003): *Kulturpolitikk fram mot 2014*

St.prp. nr. 1 (2004-2005) for Budsjetterminen 2005 (for Kultur- og kirkedepartementet)

Stavrum, Heidi (2004): "Amatørens støttespiller". *En brukerundersøkelse av Buskerud Teater*. Arbeidsrapport nr. 38/2004, Telemarksforskning-Bø.

#### **Kjelder elles:**

Eigenevalueringar, årsmeldingar, årsrekneskap, budsjettsøknader, div. teaterplanar, strategiplanar m.v. for fleire år for dei tre evaluerte teatra.